


# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Pinsedag - 20. mai 2018

Preiketekst: Joh 14,15-21

Lesetekst I: 1 Mos 1,1-5

Lesetekst II: Apg 2,1-11 eller 1 Kor 12,12-13

## Pinse - ei jødisk høgtid med lang historie

Pinsedagen som står omtala i Apg 2 var langt frå den første pinsedagen. Det jødiske folket hadde feira pinse, *sjavu'ot*, kvart år i lang tid før det året Jesus døydde og stod opp. Denne høgtida blir òg kalla *festen for innhaustinga av førstegrøda av dine gjerningar*<sup>1</sup> (2 Mos 23,16), og er éin av dei tre valfartsfestane (2 Mos 23,17). Pinse er framleis ei jødisk høgtid. I 2018 inntreffer dessutan pinse same dag både ifølgje jødisk og kristen kalender.

### Ikkje frelseshistorisk vakuum

Hendinga då Anden kom over dei første jesustruande skjeddde ikkje i eit frelseshistorisk vakuum. Den som set seg litt inn i kva som står om høgtida *sjavu'ot*<sup>2</sup>, (på norsk *vekefesten* (4 Mos 28,26; 5 Mos 16,10), eller *festen for kornhausten* (2 Mos 23,16)) i Torah og korleis *sjavu'ot* blei feira på andre templets tid, vil oppdaga mange samanhengar i m.a. tekstane frå Apgj 2 og Joh 14 (for ikkje å tala om ein rekke andre tekstar i NT) som heidningkristne predikantar som oftast (dessverre) ikkje er oppdaterte på.

Dei menneska som hadde reist til Jerusalem for å feira *sjavu'ot*, snakka mange ulike språk. Mange heidningkristne tenkjer då nærmast på autopilot at desse fleirspråklege menneska i Jerusalem var heidningar (dvs ikkje-jødar)<sup>3</sup>, sjølv om det uttrykkeleg står at i "Jerusalem budde det fromme jødar frå alle folkeslag under himmelen" (Apgj 2,5; sml òg 2,14.22.36.39). På andre templets tid var den jødiske diasporaen så stor, at det kanskje budde like mange jødar utanfor Israel som i Israel. Desse diasporajødane (som vi m.a. les mykje om i Apgj 13-28<sup>4</sup>) betalte tempelskatt og drog på pilegrimsfestar til Jerusalem.

I synagogene sine bad dei på hebraisk, men til vanleg snakka dei språka i dei landa der dei budde, derav oppramsinga av alle språk og folkegrupper i Apgj 2,9-11<sup>5</sup>. Sjølv om nokre av dei som var i Jerusalem var proselyttar<sup>6</sup>, dvs dei var fødte som heidningar, men hadde konvertert til jødisk tru og folk, så var det denne pinsedagen i Jerusalem jøder som feira ei jødisk høgtid. Dei 3000 som kom til tru og blei døypt den dagen var jødar.<sup>7</sup>

1 Hebraisk: *chag hakatsir bikurei ma'asecha*

2 Ordet *sjavu'ot* på hebraisk tyder ordrett *veker*, og siktar til dei sju vekene mellom påske og pinse.

3 T.d.: "De som var til stede fra andre folkeslag ble forferdet over at..." henta frå <https://no.wikipedia.org/wiki/Pinse>

4 Apostelen Paulus frå Tarsos i Kilikia er ein velkjent diasporajøde.

5 Det er vanleg i Israel i dag å snakka om *marokkanarar*, *rumenarar*, *russarar*, *etioparar* osv, når ein meiner jødar frå Marokko, frå Romania, frå Russland, frå Etiopia osv.

6 Det er ikkje usannsynleg at heidningar som endå ikkje hadde konvertert til jødisk tru og folk (dvs dei gudfryktige, sml Apg 13,16; 18,7) òg var nerverande på pinsefesten (sml den etiopiske hoffmannen i Apgj 8,27). Men desse ikkje-jødane kunne ikkje gå inn innanfor heidningane forgård (sml Apgj 21,28-29).

7 Det er ikkje før Peter sitt besøk hos Kornelius (Apgj 10, sml reaksjonane på det besøket i kap 11) og i samanheng med møtet i Jerusalem i Apgj 15 at evangeliet om Jesus Messias når til ikkje-jødar utan at dei først må bli fullt og heilt jødar.

## Jødisk perspektiv

Kvifor er dette jødiske perspektivet viktig når heidningkristne feirer pinse? Dels fordi det er rett og riktig å omgåast historia så sannferdig som mogleg, og dels fordi at løftet om den nye pakta der Guds lov skulle bli lagt i sinnet og skrive i hjartet (Jer 31,33) var for "Israels hus og Juda hus" (Jer 31,31). Profetien i Esek 36,24-30 der Ande, bod, gode avlingar og Israelsfolket er samanstilt i det same tekstavsnittet og understrekar det jødiske og eskjatologiske perspektivet på pinsefesten<sup>8</sup>. Derfor måtte òg Anden bli gitt først til jødar – før alle andre folkeslag kunne få del i Andens førstegrøde (Rom 8,23).

## Sjavu'ot - innhausting og førstegrøde

Pinsefeiringa i Moselova er sterkt knytta til innhaustinga, eller rettare førstegrøda av kornhausten (som i Israel skjer om våren/tidleg om sommaren), og derfor kunne festen godt ha blitt kalla *vårtakkefesten*. I dagens sekulære kibbutzar i Israel har pinse blitt til ein oppvisningsfest i kor avansert jordbruk menneska har ordna seg, medan *sjavu'ot* i Bibelen handlar om at sidan Gud gir vokster på marka, så fortener Gud òg førstegrøda som eit (sving)-offer. Høgtida blir derfor òg kalla *førstegrødefesten* (4 Mos 28,26).

Framberinga av førstegrøda skjedde i to omgangar: Først ved bygghausten som eit ledd i påskefeiringa (3 Mos 23,9-14), og så etter å ha talt femti dagar<sup>9</sup> i kornbandteljinga (omer-teljinga) så var det tid for kornhausten og frambering av to syra brød baka av den ferske innhaustinga (3 Mos 23,15-21; 5 Mos 26,1-11). Paulus må ha hatt 3 Mos 23 i tankane både når han skreiv 1 Kor 15,20-28 og Rom 8,18-27, særleg v.23. I dette perspektivet, at Anden gir førstegrøda på veg mot å skapa jorda ny, kan det kanskje forsvarast å prioritera å bruka 1 Mos 1,1-5 som lesetekst på pinsedag framfor andre tekstar som er meir sentrale for pinsebodskapen.

Forskjellen mellom påske, då alt brød skal vera usyra, og pinse, då brød med surdeig blei bore fram i tempelet, kan sporast i at surdeig symboliserer synd (Matt 16,6 og 1 Kor 5,7-8), og derfor symboliserer dei usyra brøda Messias, den reine og heilage, mens brøda som skulle berast fram som førstegrødeoffer på pinse symboliserer gudsfolket, som tilhøyrer Gud, men likevel ber synda i seg.

*Sjavu'ot* er òg heilt frå starten ein inkluderande fest, for då skulle i følgje 5 Mos 16,11; alle gleda seg saman, både du, huset ditt, levitten, innflyttaren (dvs ikkje-israelitten som bur i landet), dei farlause og enkjene.

## Pinse – tida for Torah på Sinai

På andre templets tid var det ein konsensustradisjon i det jødiske folk at *sjavu'ot* òg blei feira til minne om at Lova blei gitt på Sinai. Kronologien i 2 Mos 19,1 gir eit rom for det, og derfor blir høgtida òg kalla *tida då Lova vår blei gitt* (zman matan toratenu). Parallellane og kontrastane mellom 2 Mos 19,16-19; 20,18-21; 5 Mos 5,23-33 p.d.e.s. og Apg 2,1-21 p.d.a.s. viser at det er heilt openbert at dei første jesustruande såg desse samanhengane: sterk vind, lyden fylte huset, tungar av eld (v.2-3), folk flest i Jerusalem høyrde lyden (v.6) og temaoverlappingane i sitatet frå Joel (v.17-21).

Jer 31,31-36, og særleg v.34, er ein profettekst som gir ein sterk klangbotn til dagens preiketekst, der Jesus knyttar saman Anden og den kjærleiken til Gud som held Guds bod. Poenget til Jesus om at når han drar, så skal Talsmannen, eller Sanningsanden alltid vera hos oss (Joh 14,16b.17b). Når Anden bur i eit menneske (sml Rom 8,4; 12,1-2 eller Gal 5,16-26), så kjenner det mennesket HERREN (Jer 31,34) og Guds lov er skrive i hjarte og sinn (Jer 31,33).

## Til preiketeksten

Ved første augekast kan avstanden mellom preiketeksten frå Johannes 14 p.d.e.s. og p.d.a.s. i *sjavu'ot* i Torah og i Apgj verka ganske stor. Men der er samanhengar:

- Jesus sin definisjon av kjærleik som å halda boda hans (Joh 14,15.21) er langt frå ein

<sup>8</sup> Dette samsvarar godt med Paulus sin påstand at han går med lenkjer pga "Israels von" (Apgj 28,20) og at evangeliet om Jesus Messias er "for jøde først" (Rom 1,16).

<sup>9</sup> Det greske ordet for høgtida, *pentekosté*, kjem av talordet *femti*, (dvs sju gonger sju veker).

moderne romantisering av kjærleiksomgrepet. Det å leva ut "kjærleik" for Jesus blir snarast det motsette av kva eit moderne norsk menneske tenkjer om å "følgja hjartet sitt og oppleva kjærleiken". Parallellen til pinse som feiring av alle boda i Torah, men ikkje minst tanken om gudsfolket som førstegrøda som skal svingast framfor altaret for å tilhøyra Gud heilt og fullt, gjer preiketeksten til ein god *sjavu'ot*-tekst.

- Når Jesus i v.18 seier at han ikkje vil la oss vera att som foreldreause born, så er bakgrunnen at Torah, Lova, skulle vera følgesveinen og rettleiaren til folket. No når Jesus skal senda ein annan talsmann, Sanningsanden, så byggjer det på profetiane i Joel 3,1-5; Jer 31,31-37 og Esek 36,26-27. Det åket som "verken vi eller fedrane var i stand til å bera" (Apgj 15,10, sml òg Gal 3,23-25) blir, når Anden blir utrend, til ein ny følgesvein, ja ikkje berre ein følgesvein, men ein "som bur hos dykk og skal vera i dykk" (Joh 14,17).
- Talsmannen (v.16), dvs ein som talar for oss, ein som trøystar og oppmuntrar, og som skal vera hos oss alltid, er den same Anden som "sjølv går i forbøn for oss med sukk utan ord" (Rom 8,26). Etter Jesus sin soningsdød og oppstode, så bur Gud i dei som høyrer han til, slik det var profetert i Joel 3, Jer 31 og Esek 37. Verda, dvs dei som ikkje er i Kristus, kan derimot ikkje ta imot Sanningsanden.

### **Andreas Johansson**

Tidlegare Stadleg representant for DNI; vikarprest i DELK

[andreas.johansson11@gmail.com](mailto:andreas.johansson11@gmail.com)

[www.shorashim.no](http://www.shorashim.no)